

# Kyrkjeblad for Fjaler

nr.3 september 2013  
71. årgang



**100 år**

Folkestad bedehuskapell  
1913 - 2013

# Hausten er her

Dagane får stadig mindre lys. Sommarens tid med lys og varme er snart borte. Haust og vinter ventar. Mange lurar på om det er noko å takka for – at no kjem hausten med sur og kald vind og regn kvar dag, og kor vart det eigentleg av sommaren? Nokre gleder seg, og har mange forventningar til et nytt semester. Nokre har klare mål for kva dei skal oppnå før jul. Nokre veit om storhendingar, mens andre gruar seg og bekymrar seg for ting som skal skje.



Eg er takksam for hausten, haust er ei kjempekoseleg årstid! Hausten er årstida for å begynne med å fyre i peisen, ta opp igjen gamle hobbyar og tenne stearinlys. Hausten er tida for å bruke litt ekstra tid på seg sjølv. Det å sitte med kakaoen framfor peisen ein stormfull haustkveld medan regnet pøser ned utanfor, er ei god oppleving. Hausten er ei fin tid for opplevingar og for å gå turar i mark og fjell. Nokre dagar lyser Gud opp dagen på ein ny måte, som set naturen i eit heilt annleis perspektiv. Hausten er den årstida når ein undrast over alt det vakre Gud har skapt. Har du vore ute og sett på dei vakre haustfargane? Litt trist at blada døyr og trea står visne tilbake, men òg så vakkert! Raude, gule og varme fargar så langt som augo ser. Skogar i forandring, i haustfarger! Vi veit at våren kjem, difor kan vi nyte haustfargane i naturen.

Hausten er fantastisk, sjølv om dagane følest lengre og tyngre. Så får vi heller prøve å gi dagane eit innhald som gjer dei til vakre, gledesfylte dagar. Som årstidene, er livet variabelt. Kanskje følest kvardagen som ein grå haustdag eller vinterdag da snøen laver ned. Då er det godt å hugsa at Gud har skapt oss, elsker oss og går fortsatt med oss kvar dag. Han er hjå oss i kvar einaste pust vi drar. Også dei gongane livet strittar i mot. Du skal hugse at du har alltid eit val. Vi kan velje å sjå på livet som vanskeleg og ting som problem, noko som skremmer oss – eller vi kan velje å gå på skattejakt etter mogelegheitene. Ei krise, enten den er av større eller mindre grad, gir alltid høve til endring og vekst. Eg vel å gå vidare mot hausten, medviten om vår tilknytning til vår skapar og livgivar. Eg vel å ta i mot hausten med bilete av ein Gud som skaper nye vegar, der det ikkje finst nokon veg. Ein Gud som får ting til å spire og gro, der det for oss er umogeleg. Hausten kan vere ei tid for rekreasjon, ei tid for å skape noko nytt. Ei tid for å gi og få av tid og fellesskap. Gud har då skapt denne flotte årstida for oss, så la oss juble og glede oss i den kvar gong ho kjem. Eg håpar at du tar i mot hausten med glede, nåde og Guds fred.

Ha ein veldig fin haust!

*Lilja Kristin Thorsteinsdottir*

# På kyrkjebakken

## HJARTELEG TAKK

for minnegåver til Guddal kyrkje:  
13 700 kr ved gravferda til Eivind  
Langeland 10. juli og 1 900 kr ved  
gravferda til Asbjørn Engen 25. juli.

## MARKERING AV ELDEREDAGEN

Søndag 6. oktober feirar vi den inter-  
nasjonale eldredagen i Dale kyrkje  
kl. 11.00. Då er Cantus med og syng  
og vi syng kjende gamle salmar som  
«Ingen er så trygg på ferda», «Det er  
makt i de foldede hender» og «Så tak  
då mine hender». Sigurd Wahl Sande  
les dikt.

## KONSERT PÅ HAUGLAND

Dale barnekor held haustkonsert på  
Hauglandsenteret fredag 18. oktober

kl. 17:00. Håper at mange vil høyre  
koret.

## SYNG-MED-OSS I FOLKESTAD 27. OKTOBER

Haustens syng-med-oss kveld i  
Folkestad kapell er på bots- og bened-  
ag. Det blir servert kveldsmat etterpå.  
Vel møtt!

## JULEKONSERTAR

Folkestad kapell søndag 15. desember  
kl. 19.00

Her blir det etter tradisjonell oppskrift  
med kjende allsongar, korsong v/  
Do Re Mi og Fure og Våge Songlag,  
elevar og lærarar frå kulturskulen og  
orgelmusikk v/ kantor Mark Taylor.

Dale kyrkje tysdag 17. desember kl.  
19.30

Den tradisjonelle julekonsert-  
en, med mellom anna Cantus,  
Dekor, Musikkorpsset, Dalsfjorden  
Spelemannslag, Lagopus, elevar og  
lærarar frå kulturskulen og kantor Mark  
Taylor. Det blir mange kjende og  
kjære julesongar, både som innslag  
og allsong, og garantert julestemning  
denne kvelden.

## BLADPENGAR

Vi takkar hjarteleg for innbetalte  
bladpengar og minner samtidig om  
giroen som låg ved påskenummeret  
av bladet, og om kontonummeret  
3741.20.73135.



## MOZARTS REQUIEM PÅ HELGEMESSESUNDAG

Søndag 3. november kl. 11 blir det storslått korsong i Dale kyrkje. Cantus får besøk av Førde kyrkjekor og saman framfører dei delar av Dødsmissa til Mozart, «Requiem» som han komponerte på dødsleiga si i 1791. Kora framfører også norsk korsong under direksjon av Kantor i Førde, Gro Anthun, til tonefølgjet av Kantor Mark frå Fjaler. Vi minnest våre døde. Vel møtt.




Innhogging av nye namn  
og oppfrisking av skrifta på  
gravminne.

Kyrkjeverja formidlar kontakt  
med ein som kjem vår og haust  
og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt!

## SÅ ENKELT



Kan det virkelig være sant  
at tro er så enkelt  
bare rekke hånden frem  
ta i mot ditt legeme  
og fyll mitt tomme beger  
med ditt blod  
Jeg visste ikke  
før jeg brøt opp  
at tro  
det er du  
som går meg i møte  
der jeg står forvilet over  
aldri å skulle nå frem

SVEIN WOJE  
Frå diktsamlingen «Tårnsvale»  
Luther Forlag, 1978

# Folkestad bedehuskapell feir

Det var ein festpynta 100-åring som søndag 1. september 2013 vart feira av vel 100 fram møtte med jubileumsgudsteneste og festmiddag. «No framstår bedehuskapellet som eit moderne og godt eigneleg hus til alle anledningar» skreiv Ruth Skår i førre kyrkjeblad, og det peika òg prosten på i si preike og helsing. Bedehuskapellet er eigd av Det Norske Misjonsselskap (NMS) og Indremisjonsforbundet. NMS har ikkje lenger aktiv misjonsforeining, men var representert på jubileet. Indremisjonsforbundet har foreining, men ingen frå Sogn og Fjordane Indremisjon kom til jubileet.


Bedehuskapellet har også ei eiga bedehusforeining som er svært aktiv og gjer ein stor innsats for å skaffe pengar og å organisere dugnadar. Folket i ytre Fjaler skal ha stor honnør for dugnadsinnsatsen dei legg ned, ikkje berre i bedehuskapellet men også i bygda sitt ungdomshus. Fjaler sokn leiger bedehuskapellet til sine arrangement, også til konfirmasjonsundervisning og trusopplæring.

Jubileumsfeiringa opna med ei fin



Velkomsthelsing ved Kjetil Fristad.

festgudsteneste der fleire prestar kom inn i prosesjon og deltok i gudstenesta. Prost Reidar Knapstad (preike), sokneprest Lilja Kristin Thorsteinsdottir (liturg), Spesialprest Knut Arne Kummeneje, NMS sin utsending,



Prost Reidar Knapstad preika i gudstenesta.

Ingvald Andersen Frøyen og tidlegare sokneprest i Fjaler (1987-1994) Anne Marie Dahl Mustard var alle medliturgar. Etter prestane kom konfirmantane. Dei vart ønskt velkomne til konfirmasjonsførebuving og presenterte for kyrkjelyden av Lilja Kristin, og var med og tok opp offer til bedehuskapellet. Offeret var på 7 487 kr.



Konfirmantane vart presentert av sokneprest Lilja Kristin.

# ra 100 år



Ingvald Andersen Frøyen frå NMS var medliturg.



Fure og Våge Songlag ved dirigent Hermod Espe.



Frå venstre: Prost Reidar Knapstad, tidlegare sokneprest i Fjaler Anne Marie Dahl Mustard, spesialprest for barn og unge Knut Arne Kummeneje, sokneprest Lilja Kristin Thorsteinsdottir og representant frå NMS Ingvald Andersen Frøyen.

Kantor var Mark Taylor. I preludiet var Hermod Espe med og spelte blokkfløyte. Gudstenesta vart avslutta med postludium der Mark og tidlegare organist John Walker spelte firhendig til stor begeistring for kyrkjelyden. Fure og Våge songlag deltok med fin song. Etter gudstenesta vart kyrkjelyden invit-

ert til festmiddag i kjellaren der det vart servert blomkålsuppe og svinesteik med tilbehør. Mange driftige kvinner stod for det praktiske med middagen og serveringa. Før kaffien var det fleire som helsa jubilanten: Anne Marie Dahl Mustard, Reidar Knapstad, John Walker, Ingvald Andersen Frøyen

frå NMS og Kjetil Fristad frå Fjaler sokneråd. Festen vart avslutta med skikkelege heimelaga saftige bløtkaker og kaffi. Ivar Haugen leia jubileumsfesten. Kjell Skaar hadde hatt hovudansvaret for ein flott foldar

**Framhald side 6**

### Framhald frå side 5

til kvar frammøtt, der fekk vi eit kort «riss» av historia til Folkestad bedehuskapell gjennom 100 år, og som avsluttar med: «Vi er stolte av at ein 100-åring er så fin, og er i bruk til dei oppgåvene som var tiltenkt huset den gong det vart bygt!».

Vi takkar for ei fin jubileumsfeiring og ønskjer lukke til fram mot neste jubileum i 2063.

*Tekst Irene Fløde. Foto Eiríkur Gunnarsson og Irene Fløde.*



*På kyrkjebakken etter gudstenesta.*



*Kantor Mark og tidlegare organist John Walker spelte postludium firhendig.*

*Tidlegare sokneprest Anne Marie Dahl Mustard hadde helsing. Mark Taylor, John og Shirley Walker og Gerald Mustard høyrar på.*

*Frå venstre: Gerald Mustard, Anne Marie Dahl Mustard, Knut Arne Kummeneje, prost Reidar Knapstad og Ingvald Andersen Frøyen.*



*Det var festmiddag med blomkålsuppe og svinesteik.*

# – Demens kan ramme hvem som helst

**- Jeg vil ikke gi opp. Det er ennå mye jeg kan gjøre, jeg trenger bare litt hjelp, sier Kari Farsund, som fikk diagnosen Alzheimer for tre år siden.**

Kari er 70 år og har levd et aktivt yrkesliv som sykepleier, og oppdratt to barn. Endelig skulle hun få tid til å pleie seg selv i pensjonisttilværelsen.

- Sykdommen kom som lyn fra klar himmel, sier ektemannen Helge, som har vært gift med Kari i snart 48 år. – Demens kan ramme hvem som helst.

Det er først i etterpåkløskapens lys at mange hendelser blir tegn på demens.

Som at Kari brått fikk problemer med rundkjøringer, når hun skulle til venstre, kjørte hun den veien, mot kjøreretningen. Kari som hadde strikket i 60 år kunne plutselig ikke felle av, når hun kom til en hæl. Til slutt tok datteren, som selv er sykepleier, initiativet til at de skulle oppsøke fastlegen for en utredning.

-Jeg forstår ikke at jeg ikke tenkte på Alzheimer, jeg er jo sykepleier. Etter at jeg fikk diagnosen leste jeg masse, for å finne ut av hva denne sykdommen er, sier Kari.

Kari og Helge var heldige, noen dager etter diagnosen kom det en konsulent fra kommunen og fortalte dem om ulike tilbud. Kari fikk dagtilbud for demenssyke bare kilometer fra hjemmet deres.

- Det var befriende å komme til daghjemmet og være sammen med folk som har samme sykdom som meg. Noen på senteret er mer preget av sykdommen, men det er fint å kunne hjelpe andre istedenfor bare å motta hjelp, sier Kari.

Selv om Kari har fokus på å utnytte de gode dagene til fulle har det vært tunge stunder. En stund var hun så sint at hun ikke kjente igjen seg selv. Gjennom Nasjonalforeningen for folkehelsens Demenslinje fikk de vite om samtalegrupper for mennesker med demens. Kari fikk plass på en gruppe hos Engelsborg ressursenter for eldre og pårørende.

- Når jeg fortalte om sinnet, sa de andre på gruppa at det er fortvilelsen, det. Det er helt greit å kjenne sinne, angst og redsel. Det var en lettelse for meg å høre.

Kari på sin side hjelper andre med sin åpenhet. Hun har møtt demenssyke som har skjult sykdommen i 15 år.

-Jeg har alltid sett på det som viktig å være åpen om sykdommen, og det virker som det kan smitte over på andre. Men jeg har også forståelse for at man skjuler det. På møtene har vi mulighet til å hjelpe hverandre hvis man trenger det, sier Kari.

For ektemannen Helge er det også godt at Kari får være på dagsenteret eller i samtalegruppen.

- Hun er liksom lettere når hun kommer derfra. Hun kan bli irritert når hun føler jeg overbeskytter henne. Og noen ganger må jeg konsentrere meg for å skille mellom å være sint på situasjonen, det sykdommen gjør med Kari, og mennesket Kari.

Helge levde et langt yrkesaktivt liv som ingeniør, med ungdomskjæresten som sin livspartner. Han gledet seg til å kunne dra mer på hytta med kona, og kose seg med de fem barnebarna som pensjonist.

- En stund kjente ikke Kari meg igjen. Etter at hun fikk medisiner har det vært bedre, men hun ble så innmari kvalm av dem i begynnelsen. Uten tilbud og informasjon ville ikke dette gått. Det var ingen av oss som hadde tenkt på Alzheimer før Kari ble syk, sier Helge.

- Vi lever fortsatt et godt liv, men vi lever et annet liv enn det vi planla. Vi kan fortsatt kose oss på skitur i marka, men det er jeg som må gjøre alt for at vi skal komme oss ut. Før var Kari sjefen i huset, hun holdt kontroll og orden på alt. Nå føler jeg meg oftere og oftere som eneforsørger, sier Helge. Mange av de 70 000 som lever med demens bor hjemme. De trenger etter hvert pass og pleie døgnet rundt. Kari har lite forhold til hva klokka er. Ofte vil hun opp midt på natten og gå tur. Og når hun går tur på dagen, kan hun gå seg bort i sitt eget nabolag.

- Noen ganger kan det beskrives som å skulle passe på et barn. Det nådeløse er at Kari ikke kommer til å lære. Et barn lærer nye ting hver dag, for Kari er det flere og flere ting hun kunne som forsvinner. Helge valgte å oppsøke informasjon og engasjere seg med en gang Kari fikk diagnosen. Nå er han en av lederne i Lørenskog demensforening.

- Noe av det viktigste med medlemskapet i demensforeningen var pårørende skolen og kontakten med andre i samme situasjon. Demens kan sies å gå i forskjellige faser. Kari og jeg har det fint hjemme nå, men når det blir tid for at hun må på sykehjem, er jeg bedre rustet fordi jeg har hørt om de utfordringene og smertene andre har gått gjennom ved denne fasen i demenssyklusen, sier Helge. Han snakker engasjert om mye. Selv kaller han det demenståken. Etter å gå lenge hjemme med noen som har vanskelig for å følge i samtalen fosser

ordene ut. Nå skal det legges til at Helge er bergenser.

- At TV-aksjonen nå går til demens er et viktig skritt. Jeg håper det vil rette et enormt fokus på sykdommen, og at folk vet at de kan ringe Demenslinjen

for informasjon når sykdommen rammer dem eller en av de nærmeste.

Nasjonalforeningen vet hvor vi trenger å sette inn ekstra innsats. Det er på tide at vi får et koordinert forskningsprogram som kan gi svar angående demens. En av de sakene jeg også brenner for er at tilbudet til yngre med demens blir kraftig opprustet. Belastningen med en demenssyk partner når man selv er i jobb er enorm, avslutter Helge. Kari skal på sin jobb, som hun har begynt å kalle dagsenteret.

Kari tar frem støvlene i gangen. Helge må påpeke at det er hans og ta frem hennes som hun kun tar på seg når de står foran henne. Kari drar på seg jakka og Helge må trekke igjen glidelåsen for henne. Når Helge har kledd på seg selv og Kari, lukker han opp døren og skal gå ut.

–Har du husket nøklene, spør Kari.

Helge må inn igjen etter nøklene.

– Det er det som er så ironisk. Er det noe jeg har glemt kan du banne på at det, det husker hun, sier Helge.



## Faktaboks:

Over 70 000 mennesker i Norge har demens.

Det er ventet at antallet fordobles de neste tiårene.

10 000 får sykdommen hvert år.

Demens er dødelige hjernesykdommer.

Demens angriper hjernecellene og funksjonene de har ivarettatt, som hukommelse, språk og orienteringsevne.

Rundt 60 prosent av dem som har demens har Alzheimer.

Vi vet ennå lite om årsaker, behandling og medisiner. Det er ingen vaksine eller kur.

300 000 er nærmeste pårørende til en demenssyk

6 av 10 er så utslitt at de har symptomer på psykiske lidelser

Over 60 prosent erfarer at familie og venner trekker seg unna

20. OKTOBER 2013



Nasjonalforeningen  
for folkehelsen

TV-AKSJONEN NRK

# Ny kunnskap om “myrgrava” i Guddal

Museet i Bergen takkar Fjaler sokn for kistedelar i tre frå Guddal. Kisteborda har bidrege til ny datering av gravene i myra utforbi kyrkjegarden i Guddal



Første gong draktmaterialet frå Guddal vart forsøkt datert var i samband med at Marianne Vedeler Nilsen ved universitetet i Bergen i 1992 skreiv ei

hovudoppgåve i arkeologi med vekt på Norden. Hovudoppgåva heitte «Draktmaterialet frå Guddal. – Funksjon og visuell kommunikasjon.

Alf Tore Hommedal, konservator ved Bryggen museum uttalte 20. juni 2013 til

Sidan starten av 70-talet, då Bjørgvin stiftsdireksjon gav løyve til at det vart lagt ned ein vassleidning gjennom myra utforbi kyrkjegarden i Guddal, har ein visst at der finst eit ukjent tal graver i myra. Dei første funna frå myra, der det m.a. var ei lita barnekieste, er så langt tilbake som frå 1906. (Arkeolog A.W.brøgger).

I 1970 vart det gjort funn av både kistedelar, hasselkjemper og av tekstilar. Nokre av kisteborda og tekstilfunnet vart då frakta til museet i Bergen. Det vart funne ein tekstilrull som «inneholdt relativt godt bevarte rester av to drakter og et teppe.» (UIB Arne J. Larsen 1.6.1971).

NRK: «Denne drakta vart funnen i 1970. Det var antatt at den var frå 1400-talet, men no viser det seg at den er frå 1100-talet. Dette er utvilsamt eit kvardagsplagg, og det er fantastisk godt bevart når ein tenkjer på at det er om lag 900 år gamalt.»

Ein god del av kisteborda som vart tekne opp frå myra i 1970 blei ligande godt bevarte i tårnet i kyrkja. Desse vart på oppmoding frå forskar Sæbjørg Walaker Nordeide i november 2011, frakta til museet i Bergen av kyrkjetenar Reidar Langeland. Nordeide vart kjend med kisteborda under eit besøk på kyrkjegarden hausten 2011 for å sjå på dei gamle

steinkorsa, då ho tilfeldigvis treffe på kyrkjetenaren.

NRK var 20. juni i Guddal og laga ein reportasje om «myrgrava» der forskar Sæbjørg Walaker Nordeide og kyrkjetenar Reidar Langeland vart intervjuet. Innslaget finn ein framleis på NRK S fj, der kan ein også sjå mange bilete av funna som er oppbevarte ved Bergen museum.



Heilt til no har ein trudd at gravene var naudgraver frå svartedauden midt på 1300-talet, men ny datering med dendrokronologi av kisteborda av furu tidfestar alderen frå tidleg mellomalder 1000 – 1100-talet. Sæbjørg Walaker Nordeide, forskar ved Senter for middelalderstudier, Universitetet i Bergen og Terje Thun, førsteamanuensis ved Vitenskapsmuseet, har skreive ein artikkel i «Historisk tidsskrift» (Bind 92 Nr. 2) som Universitetsforlaget gav ut midt i juni. Artikkelen har overskrifta «Kvart menneske som døyr skal me føra til kyrkja og grava i heilag jord». Forskaren takkar kyrkjetenar Reidar Langeland for opplysningar undervegs i arbeidet.

Det er ein svært interessant artikkel sjølv om den ikkje gir oss svar på KVIFOR kistene vart plasserte i myra. Forfattarane stiller i artikkelen følgjande spørsmål «Var det praktiske, religiøse eller sosiale årsaker til at myren ble tatt i bruk som gravplass?»

Til NRK seier Sæbjørg Walaker Nordeide: «Me manglar eigentleg ein god teori om kvifor dei ligg i myra.» Skal ein kunne få svar på desse





# Om å vere “overberande”

Sundag 25. august heldt Knut Arne Kummeneje ei for meg tankevekkjande preike. Han snakka m.a. om bonden sin ugrasåker, løvetann, brennesle og menneske som ikkje held mål etter mange si meining, “outsider” med andre ord.

Alle er vi ulike, men vi kan vere overberande. Det er så lett å finne noko som ikkje passar oss. Ikkje alle kan vere “A4”-menneske, og eg trur ikkje vi skal vere det heller, då var vi vel skapte like.

spørsmåla må det gravast og forskast meir. Ny utgraving ligg langt fram i tid truleg både på grunn av mangelfull kompetanse i Norge og ikkje minst økonomiske ressursar. Heldigvis blir no myra/arealet endeleg freda av Riksantikvaren.

Under siterer eg litt frå artikkelen:  
«Kvart menneske som døyr skal me føra til kyrkja og grava i heilag jord». Det siterte står i kursiv og med visning til kjelde.

«Det første funnet fra gravplassen i Guddal er innkommet til Universitetsmuseet i Bergen omkring 1907/1908, bl.a. en liten barnekiste dannet ved uthuling av en trestamme.» (UiB. Katalogtekst for B7965, brevveksling mellom arkeolog A.W. Brøgger og O. Guddal 1906-1907).

«Forekomsten av kristne kors, has-selkjøpper, øst-vest-orienterte graver, nedgravd til omtrent én meters dybde, uten annet gravgods enn det nevnte, levner ingen tvil om at gravene i myren er begravelser foretatt av og for kristne. Det er observert mange graver; inntil tre i høyden, noen med kiste og noen med svøp, noen er bevart med hud og hår, og voksne så vel som spedbarn har vært begravd her.»

«De samlede dateringene tyder på at gravplassen kan ha vært i bruk fra 1000-tallet til siste halvdel av 1200-tallet, kanskje enda noe lenger.»

«Gravplassen i myren i Guddal reiser i sannhet flere spørsmål enn den tilbyr svar.» skriv artikkelforfattarane mot slutten av artikkelen. IF

Som mor til Ó, og eit yrkesaktivt liv som enda i barnehagen, burde overberande vere eit viktig ord. Ikkje alltid lett, men det kan jobbast med. Diverre vart det vel ikkje nok praktisert, men i “minneboka” mi har eg eit dikt eg er svært glad i. Ting er nok sett litt på spissen, men det får vi tole. Diktet er skrivt av Tove Ditlevsen og er på dansk. Det heiter rett og slett: Børn.

Målfrid Skaar



Søndagsskolen Norge

## Børn

Mit hjerte elsker alle de umuligste børn,  
de som ingen holder af og ingen kan forstå.  
Lyvebørn og stjelebørn og løftebryderbørn,  
de børn som alle voksne folk er meget vrede på.

Mit hjerte ynder ikke disse pyntehavebørn  
der står i bed og intet ved om synd og bittert savn.  
De børn som voksne holder af og klipper pent i form,  
og som med ren samvittighed tør nævne Gud ved navn.

Den kender mest til kærlighed som aldrig mødte den.  
Om dyden ved den lastefulde mer end nogen tror.  
Mit hjerte hader pæne voknes hækketrippesaks.  
Det er på vilde buske verdens sjældne blomster gror.

Tove Ditlevsen

# Folkemusikkveka

Fjaler kommune er valt ut til å vera vertskommune for Folkemusikkveka 2013 i Sogn og Fjordane. Folkemusikkveka er eit samarbeid mellom fylkesmusikarane, lokale aktørar og kulturkontoret i kommunen. Noko av grunngjevinga for at Fjaler kommune vart plukka ut er at det ligg potensial for uoppdaga folkemusikkressursar som heile fylket vil vera tent med å få fram i lyset, men også at vi har eit spennande miljø rundt United World College med 200 studentar frå 85 land, aktivt kunstnarmiljø og aktive frivillige aktørar innan musikk og dans. For Fjaler er det naturleg å ha fokus på det internasjonale. Vi ynskjer også å byggje opp kunnskap og interesse for folkemusikk i utvida forstand i forkant – med god hjelp av kurs og workshops med fylkesmusikarane i fylket. Fylkesmusikar Elin Grytting skal vere til hjelp for kor med songkurs.

**Veka startar i kyrkjene våre søndag 20. oktober: Guddal kl. 11.00**

Folkemusikk-gudsteneste med Dalsfjorden spelemannslag og dei store i Guddal



familiekor. Her blir det framført norsk folketone som «Herre Gud, ditt dyre navn og ære», Gloria frå «Gammeldansmesse» tilrettelagt av Henning Sommerro, Fjellbrura og også folkemusikk frå andre land som Irland, Russland og USA. Som postludium spelar kantor Mark Taylor Partita over den norske folketone «I himmelen, i himmelen» av Conrad Baden, eit verk som viser fram dei ulike stemmene til det flotte orgelet i Guddal. Dette vil òg vere ei lita markering av 10-årsjubileet for orgelet i Guddal kyrkje, då det vart vigsla september 2003. Elin Grytting lærer koret folketonar frå Sogn og Fjordane og koret framfører også syngespelet «Den barmhjerlige samaritanen» av Kristian Hernes. Det er ikkje ofte spelemannslaget er i Guddal, så vi håper mange vil ta turen til kyrkje denne formiddagen for å oppleve vakker folkemusikk.

## Dale kyrkje kl. 19.00

Solidaritetsgudsteneste der konfirmantane, Ungdomskoret i Dale og elevar frå UWC deltek med folkemusikk frå heile verda. Takkofferet denne dagen går til TV-aksjonen for Nasjonalforeningen for folkehelsa sitt arbeid med demens. Over 70 000 menneske i Norge har Alzheimer eller ein annan demensjukdom. I løpet av dei neste tiåra er talet venta å bli fordobla. Ungdomen vil framføre songar og folkemusikk i solidaritet med aksjonen. Etter gudstenesta blir det underhaldningskveld på Ljosheim der UWC tradisjonelt byr på mat og folkemusikk.

# I kyrkjelyden sidan sist

## Dale

### Døypte:

Tobias Viken Hjellbrekke

Nora Færevåg

Isabel Andersen-Helle (døypd i Gulen kyrkje)

Elli Westengen Helle (døypd i Søgne hovedkirke)

### Vigde:

Beate Fogstad og Christian Valvik

Inga Østby og Kjell Arne Ådnesen

### Avdøde:

Harald Løseth

f. 1922

Anna Helene Ormehaug

f. 1926

Dagmar Kristianne Heggheim

f. 1947

Olav P Grønli

f. 1917

Anton Løseth

f. 1929

Nils Bortheim

f. 1933

## Guddal

### Døypte:

Jakob Langeland (døypd i Sande kyrkje)

### Vigde:

Helene Anne-Lise Haukenes Huseklepp og

Kai-Arild Hatlem

### Avdøde:

Eivind Langeland

f. 1940

Asbjørn Engen

f. 1925

## Folkestad

### Vigde:

Tone Merethe Haugen og Knut Arne Strømme



# 10-årsconfirmantjubileum

Ved gudstenesta i Dale kyrkje 8. september prøvde vi dette for første gong. Fjaler sokn er på Facebook, og via dette sosiale mediet vart dei som vart confirmerte for 10 år sidan inviterte til gudstenesta. Oppslutnaden var ikkje stor, men jubilantane stilte opp, og kantor Mark fortalde litt frå confirmanttida for 10 år sidan – m.a. om confirmantband og samtalegudsteneste med sirkustriks. 10-års confirmant Ragnhild Stav song og spelte for oss. Salmene i gudstenesta var dei same som i confirmasjonsgudstenesta. Tidleg i september, kort tid etter sommaren er kanskje ikkje det beste tidspunktet. Vi får sondere litt og finne ut vegen vidare.



Frå venstre: Pål Furnes Nes, Sondre Strand, Ellinor Leirpoll Espedal, Ragnhild Stav, og Miriam Sletteland (f.Ness) med vesle Elling på armen.



JT

## Haustsalmen

Hausten er tid for hausttakkefest, og vi stansar i år ved hausttakkefestsalmen «For solglans over land og hav» som i utgangspunktet er ein amerikansk søndagsskulesong, først utgitt i «Song and Study for God's Little Ones» i 1894 med tittelen «Giving Thanks» (gje takk). Den var tenkt som ein vekselsong med eit refreng som sjølv dei minste kan syngja, 3 gonger i kvart vers - «Vi takker deg, vår Far.»

Teksten kom til Noreg om Sverige ved den svenske pastoren Oscar Lövgren (1899-1980) og den norske omsetjinga av Anne Brodal (1914-99) er basert på den svenske i stor grad. I salmen gir vi takk til Gud vår Far. I dei første 1 1/2 versa takkar vi Gud for skaparverket, men i andre delen av vers 2 takkar vi for at Gud framleis er i verda med omsorg, hjelp og vern. I tredje verset takkar vi for Jesus som kom til jorda, døydde som frelsaren vår, og som kjem igjen – vi ser mot jul og påske og slik får salmen eit heilårspreg. Melodien som vi bruker i Noreg er engelsk av komponisten E.R. Bailey som er eit pseudonym for Carey Bonner (1859-1938). Han var ein engelsk baptistpastor som stod sentralt i den engelske søndagsskulerørsla og baptistkyrkja.

MT

*For solglans over land og hav  
vi takker deg, vår Far.  
For duften som du enge gav,  
vi takker deg, vår Far.  
For alle blomsters glød og prakt,  
for skogen i dens grønne drakt  
og fuglens sang i morgenvakt,  
vi takker deg, vår Far.*

*For trær som frukt og skygge gir,  
vi takker deg, vår Far.  
For alt du skapte, alt vi ser,  
vi takker deg, vår Far.  
For daglig omsorg som vi får,  
for faderhender som oss når,  
for hjelp og verge hvor vi går,  
vi takker deg, vår Far.*

*For Jesus som til jord kom ned,  
vi takker deg, vår Far.  
For Jesu rike kjærlighet  
vi takker deg, vår Far.  
For ham, vår frelser og vår venn,  
som for oss alle gav seg hen  
og kommer til oss snart igjen,  
vi takker deg, vår Far.*

# Toccata!

## 30 års-jubileumskonsert for orgelet i Dale kyrkje

Onsdag 20. november kl. 19.30 får vi den tredje og siste orgelkonserten som feirar at orgelet i Dale kyrkje har blitt 30 år gammalt. Konserten kjem nøyaktig 30 år etter vigsgudsteneste og opningskonserten som var 20. november 1983.

Konserten har fått namnet «Toccata!» etter verdas mest kjende orgelstykke, Toccata i d-moll BWV 565 av Johan Sebastian Bach, eit ungdomsverk frå hans tid i Arnstadt ein gong mellom 1703 og 1707. Denne toccataen var det første stykket framført på det nye orgelet som preludium på vigsgudstenesta i 1983. Verket skal høyrast også under konserten i år, men med ein ekstra spiss, framført med Mats Systaddal og Øyvind Dybvik på slagverk og elektrisk gitar.

Det britiske bandet «Sky» arrangerte

verket til denne besetninga i 1980 og kom på sjette plass i UK hitlista med denne gamle musikken av Bach som er tidlaust populær! Ja, verket har også blitt høyrte på mange filmar opp gjennom året som «Fantasia», «The Meaning of Life» og «The Aviator», for ikkje å gløyme «Den hemmelighetsfulle øya» då kaptein Nemo spela stykket på orgelet i ubåten mens den sank!

Ordet toccata kjem frå italiensk toccare som tyder «røre» og er eit virtuost musikkstykke med ein fri musikalsk struktur og med karakter av å vere ein improvisasjon. Musikkforma oppstod i seinrenessansen og har mange raske passasjar som viser fram både organisten og orgelet sin dugleik.

På denne konserten vil kantor Mark Taylor framføre toccatastykke frå renessansen, barokken, romantikken og frå

nyare tider, inkludert kjende verk frå franske og norske komponistar, nokre over kjende salmar. Mange sterke og mektige verk er med, men også nokre søte og mjuke stykke. Mot slutten av konserten høyrer vi òg ein toccata over ein Beatles låt, og avslutninga blir Widors mektige Toccata, framført med mange lag som har hatt glede av å syngja eller spela med orgelet gjennom åra, nemleg Cantus, Dale Musikkorps, Dekor og Lagopus.

Velkomen til denne storslegne feiringa av Bruno Christensen-orgelet i Dale kyrkje. Sjølv om du kanskje ikkje fyk «over kyrkjetårnet til himmels med full musikk» som i Jakob Sande sitt dikt «Musa i orgelet», blir det garantert ei stor oppleving for deg, noko heilt utanom det vanlege! Vel møtt.

MT

## Gjensyn med gamle venner

Dei to første konsertane i serien blei godt mottekne, og det var tydeleg at folk sette pris på å få møte igjen "gamleorganistane" Ivar Jarle Eliassen, Roar Gøksøy Lillebø og John Walker. Ivar hadde med seg dottera Sunniva Eliassen på songtime i Guddal og kyrkjekonserten i Dale. John og Roar spelte konsert i lag både i Dale kyrkje og på Lillingstoneheimen.



*John Walker,  
Roar Gøksøy  
Lillebø og  
Shirley Walker  
på Allmuen i  
Dale.*



*Roar Gøksøy  
Lillebø og John  
Walker spelte  
både kvar for  
seg og i lag på  
orgelet i Dale  
kyrkje.*

*Mezzosopran  
Sunniva Eliassen  
med far sin Ivar  
Jarle Eliassen i  
Dale kyrkje.*






STØRST AV ALT  
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

# 4-årsboka

Mi Kyrkebok 4 blir delt ut i gudstenestene i Dale kyrkje søndag 17. november kl.11.00 og i Folkestad kapell søndag 24. november kl.11.00. 4-åringane blir òg invitert til ei samling i forkant av gudstenestene. Etter gudstenestene er det "Orgelbrus og kyrkjekaffi" for heile familien, med pølser, kaker og kaffi. Det brukar å vere ei hyggeleg stund for både små og store.



Saman med innbydinga, får 4-åringane ein DVD med ein kort film om det å gå i kyrkje og få bok.



Arkivfoto



# Velkommen til kyrkje

## DALE KYRKJE

**Sundag 6. oktober kl.11.00**

Gudsteneste. Markering av FN eldredagen. Cantus deltek. Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

**Sundag 20. oktober kl.19.00**

Gudsteneste. Folkemusikkveka - UWC og lokal ungdom deltek. Ungdomskveld på Ljosheim etterpå med mat og underhaldning. Offer til TV-aksjonen Nasjonalforeningen for Folkehelse.

**Helgemessesundag 3. november kl.11.00**

Gudsteneste. Vi minnest dei døde. Cantus og Førde kyrkjekor deltek med utdrag frå Mozart Requiem. Kyrkjeskysst frå Straumsnes Offer til Kirkens SOS Bjørgvin/Førde.

**Sundag 17. november kl.11.00**

Gudsteneste. Utdeling av 4-årsboka. Laurdagsklubben deltek. Kyrkjekaffi og Orgelbrus på Ljosheim etterpå. Offer til Søndagsskolen / Laurdagsklubben.

**Onsdag 20. november kl.19.30**

30-årsjubileumskonserter for orgelet i Dale kyrkje v/ Mark Taylor, Cantus, Dale Musikkorps, Dekor, Lagopus og kulturskulelærarar. Kollekt til Fond for kyrkjemusikk.

**Sundag 1. desember kl.19.00**

Lysmesse med konfirmantane, barnekoret og 4. årssteg frå Dingemoen skule. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

**Sundag 15. desember kl.11.00**

Adventsgudsteneste med Cantus. Offer til Strømmestiftelsen.

**Tysdag 17. desember kl.19.30**

Julekonserten. Kollekt til Fond for kyrkjemusikk.

## HELLEVIK KAPELL

**Sundag 8. desember kl.19.00**

Lysmesse. Konfirmantane og Do Re Mi deltek. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

## GUDDAL KYRKJE

**Sundag 20. oktober kl.11.00**

Folkemusikk-gudsteneste med Dalsfjorden Spelemannslag og dei store i familiekoret. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin/Førde.

**Sundag 8. desember kl.16.00**

Lysmesse med konfirmantane, familiekoret og elevar frå Guddal skule. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

## FOLKESTAD KAPELL

**Sundag 13. oktober kl.11.00**

Gudsteneste. Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

**Sundag 27. oktober kl.19.00**

Syng-med-oss kveld. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Kveldsmat.

**Helgemessesundag 3. november kl.14.00**

Gudsteneste. Vi minnest dei døde i ytre Fjaler. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin/Førde.

**Sundag 24. november kl.11.00**

Gudsteneste. Utdeling av 4 års boka. Do Re Mi deltek. Kyrkjekaffi og Orgelbrus. Offer til barne- og konfirmantarbeid.

**Sundag 15. desember kl.19.00**

Førjuls-konsert med Do Re Mi m.fl. Offer til Strømmestiftelsen.

## STRAUMSNES GRENDAHUS

**Sundag 27. oktober kl.14.00**

Gudsteneste. Ole Jakob Nedrebø (baryton) deltek. Kyrkjekaffi. Offer til NMS Misjonsprosjekt i Mali.

Korleis har du det...

**EIGENTLEG?**

Krisetelefon 815 33 300  
Epost-teneste: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å PRATE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

# DÅPSKLUBBEN TRIPP TRAPP

www.tripptrapp-klubben.no

## Bøker, musikk og film – rett heim

**9 000 born får pakkar med bibelforteljingar, kveldsbøner og filmar i postkassa tre gonger i året.**

Av Turid K. Vevatne

–Den viktigaste trusopplæringa, dei beste samtalan og den ærlegaste undringa skjer i heimen. Midt mellom middagsrestar, legoklossar og sofaputer. Kvar gong pakken frå Tripp Trapp kjem, så er produkta med på å skape rom for tru, håp og undring heime hos oss, seier Karen Kilane, trusopplærar i Den norske kyrkje og mamma til to små jenter.



Dåpsklubben Tripp Trapp er eit tilbod for foreldre, besteforeldre, fadrar og andre vaksne som ønskjer at born dei er glade i skal få opplæring i kristen tru. Klubben tilbyr tre pakkar i året. Desse er varierte og inneheld bøker, CD-ar, DVD-ar, tøyprodukt og anna materiell. Produkta er tilpassa alder og utviklingsnivå til barnet.

### Tru i kvardagen

– Eg og borna mine er spesielt glade i Kirkerottene og Bo og Nora, som vi har blitt kjent med gjennom klubben, seier Karen. – Vi har ledd og grått, prata om det skumle og det gode saman med desse gode figurane, seier ho.

Dagleg leiar i klubben, Cecilie Holdø, seier at produkta i klubben, saman med samtalar og ritual som lystenning, kveldsbøner og liknande vil kunne styrkje fellesskapet i familien, og dessutan gi trua ein plass i kvardagen til barnet.

### Leve livet

I KO-Forlaget, som driv klubben, ønskjer å formidle bibelforteljingar til borna, men også å presentere dei gode skjønnlitterære forteljingane til dei. Holdø meiner desse forteljingane kan vise at verda består av meir enn det vi kan ta og kjenne på. – Å hjelpe born til å leve livet og finne meininga med det – det er teologi på sitt beste, seier ho.

Dåpsklubben Tripp Trapp er for born mellom 0 og 12 år. Klubben har ingen krav til minstekjøp, og som i andre bokklubbar kan ein velje å avbestilla pakkar eller å bestille ekstraprodukt med gode tilbodsprisar.

Sjå [www.tripptrapp-klubben.no](http://www.tripptrapp-klubben.no) for meir informasjon.

### Kyrkjeblad for Fjaler

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 175 / 200 for året.

Redaktør: Joy Taylor

Prent: Ingvald Husabø Prenteverk a.s.  
fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

### Kyrkja i Fjaler

www.fjaler.kyrkja.no

Kyrjekontoret, pb 18, 6961 Dale.  
Telefon 57 73 97 70

### Kyrjekontoret er ope

måndag-torsdag kl. 9.00-14.00

fredag kl. 9.00-12.00

Ved oppdrag og ferie kan du oppleve kontoret stengt også når det skulle vore ope.

### Tilsette med kontorplass:

*Sokneprest Lilja Kristin Thorsteinsdottir*  
jobb: 57 73 97 75 priv: 57 73 63 01  
mobil: 456 38 846  
sokneprest@fjaler.kyrkja.no

*Spesialprest Knut Arne Kummeneje*  
jobb: 57 73 97 73 mobil: 908 55 230  
knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no

*Kyrkjeverje Irene Fløde*  
jobb: 57 73 97 71 mobil: 992 38 420  
kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no

*Kantor Mark Taylor*  
jobb: 57 73 97 74 priv: 57 73 61 65  
mobil: 975 13 449  
kantor@fjaler.kyrkja.no  
Kantor har fri kvar torsdag

*Sekretær Joy Taylor*  
jobb: 57 73 97 72  
kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no  
På kontoret: Tysdag og fredag kl.9-13

### Kyrkjetenarar:

*Dale kyrkje og kyrkjegard*  
Jostein Løseth tlf: 906 07 913

*Guddal kyrkje og kyrkjegard*  
Liv Svanhild og Reidar Langeland  
tlf: 57 73 88 21

*Hellevik- og Folkestad bedehusapell*  
Sigrid Kleppe tlf: 57 73 53 57

### Fjaler sokneråd

Leiar Terje Halsnes  
tlf: 57 73 55 95 mobil: 905 60 416

**Beredskapstelefon ved akutt behov utanom kontortid 95 48 31 52.**



## SPRELL LEVENDE LAURDAGSKLUBBEN

Ei vanleg samling på Laurdagsklubben brukar å innehalde ei forteljestund, ei songstund med varierte songar, saft og kjeks pause og ei stund til leik, spel eller teikning etter ynskje. For dei minste borna er det ofte fint om foreldra er saman med dei. Vi brukar vere mange vaksne som er på Laurdagsklubben, og det vert tid til litt kaffi og ein prat for oss også.

Kven: Frå 4 år og oppover  
Tid: Laurdagar kl. 10.30-12.00  
Stad: Ljosheim i Dale  
Leiarar: Gro S. Kummeneje  
Knut Arne Kummeneje  
Joy Taylor

### PROGRAM HAUSTEN 2013

|                                |                             |
|--------------------------------|-----------------------------|
| Laurdag 31. august kl.10.30    | Laurdagsklubb               |
| Laurdag 14. september kl.10.30 | Laurdagsklubb               |
| Laurdag 28 september kl.10.30  | Laurdagsklubb               |
| Laurdag 19. oktober kl.10.30   | Laurdagsklubb               |
| Laurdag 2 november kl.10.30    | Laurdagsklubb               |
| Søndag 17. november kl.11.00   | Gudsteneste og Orgelbrus    |
| Laurdag 30. november kl.10.30  | Laurdagsklubb               |
| Laurdag 28. desember kl.11.00  | Øving til julespel          |
| Søndag 29. desember kl.17.00   | Julefest for heile familien |